



## Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 3/2017  
Dato: 12.09.2017  
Tidspunkt: 19.30  
Stad: Personalrommet Vinjar skule

Til stades: Arne Vold, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Jon Bråtveit, Vidar Jørgensen  
Nærheim, Tor Inge Bråtveit

Forfall: Øyvind Gjuvsland, Else Kristin Krogh, Kristine Bøe Berge

Andre til stades: Tor Inge Jøssang, Jan Mærland, Bjørn Egil Nærheim

### **Sak 18/17 Informasjon om løypetrase Mosvatnet rundt.**

- T.I. Jøssang og J.Mærland frå Fjellbergskardet hytteforening og B.E. Nærheim frå Gullspor As presenterte og informerte om planane og arbeidet som til nå er gjort i samband med planlegging av løypetrase frå Mosåna til Vassvikane på vestsida av Mosvatnet. Suldal IL er positive til at planane kan sendast inn til teknisk førehandsgodkjenning, men dette betingar bl.a. at alle grunneigerar er positive til tiltaket. Eventuell gjennomføring av prosjektet må godkjennast av årsmøte i Suldal IL. Suldal IL avventar vidare saksbehandling til representantane frå Fjellbergskaret hytteforening har avklara prosjektet med grunneigerane.

### **Sak 19/17 Godkjenning av innkalling / protokoll frå sist styremøte**

- Innkalling godkjent utan merknadar
- Protokoll godkjent utan merknader

### **Sak 20/17 Orientering frå leiar v/Arne Vold**

- Klubbavtale med Sand Sport/Adidas er signert. Vert publisert på passordbeskytta heimeside.
- Sponsoravtale med Sparebank 1 SR Bank er reforhandla og signert. Ligg passordbeskytta på heimesida.
- Avtale med Suldal Kommune for tilsyn og vask av Gullinghuset og toalettbygg skal reforhandlast 18. september



- Suldal idrettslag skal arrangera byttehelg laurdag 11.november. Skigruppa er bytteansvarlege, Økonomigruppa har kafe.
- TV aksjonen NRK 2017 går til Unicef, Suldal IL arrangere innsamling i Vinjar skulekrins. Meir treng omlag 20 bøssebærere til innsamlinga 22/10. Meir informasjon vil komma frå Suldal kommune.
- Suldal IL har anskaffa projektor, kontakt leiar for lån.
- Styret i Suldal IL vil arrangera ei samling for leiarar og trenerar i haust, Silje, Jon og Tor Inge er ansvarlege. Aktuelle datoar 28/10, 4/11 eller 11/11.
- Det vert møte med Suldal kommune 18/9 kl 1730 for evaluering av aktivitetdagen, leiar og skigruppa stiller.
- Suldal IL har søkt om momskompensasjon, svaret på dette kjem i desember
- Innspel frå foreldre om å vurdere å flytta særskilt flinke fotballspelarar opp eit nivå på trening og gjerne kamp for å jamne ut nivåforskjellane mellom spelarar. Fotballgruppa drøftar dette internt, men er og avhengige av konkrete tilbakemelding om dette.

#### **Sak 21/17      Orientering frå kasserar v/Silje Færøy**

- Medlemskontingent skal snart sendast ut. Arne skal be om klasselister frå Vinjar skule, Jon ber om klasselister frå Sand skule.
- Trenerar/leiarar må melda inn utøverar til kasserar slik at medlemskontingent kan bli sendt ut.
- Skal senda faktura til Suldal kommune for nedvask av Gullinghuset. Kristine sjekkar tidlegare møtereferat for kva prisar som er nytta sist.
- Skal sjekka om Suldal kommune har utbetalt midlar til lysløypeprosjektet, gi tilbakemelding til Per Even.

#### **Sak 22/17      Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit**

- Informerte om tankar og muligheter kring området i Prestavikjo. Det er stort potensiale til fleire typar aktivitetar og nærmiljøtiltak, men alt dette krev stor innsats frå idrettslaget. Infoskriv er sendt rundt til styremedlemmene i idrettslaget.
- To lag har deltatt på cup i Hjelmeland
- Mange lag deltok på Suldalscupen på Kjølvikstølen/ IL Haugil, generelt gode tilbakemeldingar på dette arrangementet.
- Toer-laget på seniornivå i Stavanger har trekt seg grunna lite spelarar.
- Miniknottane skal vera maskotar 23/9 under tippeligakampen mellom Haugesund og Viking. Idrettslaget sponsar billettar og reise til leiarar/trenerar.



**Sak 23/17      Orientering frå trimgruppa v/Tor Inge Bråtveit**

- Ballspel for damer pågår med Anette og Hege som ansvarlege
- Petra startar med dametrim
- Gubbatrimmen startar opp med treningar no snart
- Skogstrimmen går som vanleg

**Sak 24/17      Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim**

- Har starta med rulleskitreningar ute
- Fleire utøverar frå 7 år til seniorklassa deltok på Blinkfestivalen i Sandnes
- Har arrangert første løpet i Ryfylke rulleskicup, eit samarbeid med Sauda og Hjelmeland
- Prosjektet med lysanlegget i lysløypa er starta, kommunen har vedteke å forskuttera deler av kommunal del og spelemidler.
- Vil vera ansvarlege for arrangementet «Byttehelgen» laurdag 11/11.

**Sak 25/17      Ymse**

- Barneidrettsansvarleg Vidar ønskjer at det vert arrangert aktivitetsleiarkurs i Suldal
- Informasjon om behovet for overtrekksdressar til miniknottane i samband med Haugesund-Viking kampen 23/9

Suldalsosen, 15. september 2017

Arne Vold, referent